



## **Kirkelig senter for religionsmøte og dialog**

### **Mål for arbeidet:**

1. Å skape ein verkstad, og eit ressurs- og kompetansesenter for religionsmøte og dialog i kyrkje og samfunn.
2. Å utvikle ein modell for samarbeid om innhald og profil, organisering og finansiering som sikrar varig drift av senteret.

Hovudfokus for KSRD i 2010 var å medvirke til å auke dialogaktiviteten i Den norske kyrkje med vekt på Oslo bispedøme. Som ledd i å danne oss eit bilete av korleis kyrkjelydane såg sin dialogsituasjon lokalt, gjekk vi våren 2010 i gang med ei kartlegging. Vi vitja prostane i Oslo og tok kontakt med kyrkjelydane som hadde vore med på prosjektet ROM, «Religionsmøte og menigheten» i Mellomkirkelig Råd i 2007-2009. Saman med stiftingsdokumentet til KSRD danna dette utgangspunkt for både langsiktig planlegging og prioritering av arbeidsfelt hausten 2010.

Vi tek ikkje sikte på å dekkje all verksemd for KSRD i 2010 i denne rapporten, men løftar fram område som har vore prioriterte.

### **KSRD - eit ressurscenter og ein verkstad for religionsmøte og dialog i kyrkje og samfunn**

Møte med prostane i Oslo og kyrkjelege medarbeidarar andre stader i vårsemesteret 2010 synleggjorde kor forskjellige utfordringane knytt til dialog er frå stad til stad. Nokre stader har kyrkjelydane fleire trus- og livssynsnaoar. Det ligg kanskje ein moské der, eit tempel, eller kyrkjebygget til eit anna kyrkjesamfunn. Her har ein eit naturleg utgangspunkt for å møtes, og det er eit godt grunnlag for samarbeid mellom trus- og livssynssamfunna. Andre prosti har få "nabosamfunn" av andre religionar og kan oppleve at det er i den indrekyrkjelege dialogen det brenn. Nokre har vore i dialog lenge, medan dei fleste nett har fått auge opp for behovet i sin kyrkjelyd og ynskjer hjelp til å kome i gang med konkrete tiltak. Oslo er i ein særskild situasjon.

#### **Østre Aker prosti**

I 2010 gjekk vi inn som ein ressurs knytt til utvikling av ei dialogsatsing i Østre Aker Prost. Her er stadig færre medlem av Den norske kyrkje, og kyrkja er ein av fleire aktørar på det religiøse feltet. Men framleis er kyrkja ein religiøs majoritetsrepresentant og synlig gjennom bygningar, tradisjonar og dei tilsette si kontakt med skule og lokale styresmakter. Under disse vilkåra er tilsette og frivillige engasjerte i eit målretta arbeid med å etablere kyrkja sin plass i lokalsamfunnet under endra vilkår. Hausten 2010 vart det etablert eit dialogutval i Østre Aker prosti som arbeider med ei samla satsing på ulike former for dialog i prostiet. Dialogpresten leia dette utvalet i tett samarbeid med prost.

## **ROM/ Lokale ressursmenigheter i religionsdialog**

Dialogaktiviteten i kyrkja er større enn nokon gong, men vi ser at KSRD likevel er ein velkomen ressurs som pådrivar og tilretteleggjar. I 2010 arrangerte vi sju Dialogforum i Oslo. Kyrkjelydar i Tunsberg og Borg var også invitert. Dette var tenkt som eit tiltak for kyrkjeleg tilsette og frivillige som ein stad for å kunne luften usikra dialogerfaringar i eit trygt rom, og for å få muligheit til religionsteologisk refleksjon basert på eiga erfaring. Alle vart arrangert hjå innleiarane og tematikken var knytt til staden. Vi vil halde fram med dette tiltaket, men vil også jobbe for å utvikle ei form for kollegavegleiing for dei som i særleg grad er involverte i dialogarbeid. Med tanke på dette reiste vi våren 2010 til Amsterdam for å førebu studiereise for dialogfolket i kyrkja. I etterkant utvikla vi eit Prostikurs i samarbeid med Det teologiske fakultet med reise til Amsterdam som ein del av opplegget. Kurset har fokus på diapraksis. Det vil bli søkt om støtte til Kompetansrådet til dette kurset i 2011. Hausten 2010 var også tid for førebuing av konferanse for nettverket Journé D'Arras, og skandinavisk konferanse for kyrkjefolk i dialog under tittelen «Theology in the making» med vektlegging av refleksjon ikring ulike case knytt til situasjonar der dialogen har vore krevjande.

## **Dialogens hus**

Ein av motivasjonsfaktorane for å opprette Kirkelig senter for religionsmøte var å sjå senteret som Den norske kyrkje sin representant på Dialogens hus. I April 2010 leverte Otto Hauglin rådgivning AS ei 'mulighetstudie' på Dialogens hus, bestilt av Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn (STL). KSRD sat i arbeidsgruppa saman med STL, Islamsk råd Norge, Buddhistforbundet, European Council of Religious Leaders og Norges Kristne råd som vurderte studien og som gjekk vidare saman for å arbeide for å realisere Dialogens hus.

## **Utvikling av ein modell for samarbeid om innhald og profil, organisering og finansiering som sikrar varig drift av senteret.**

Våren 2010 gjekk med til å avvikle Emmaus og kome i gang med KSRD som organisasjon. Det medførte at leiar si arbeidstid i dominerande grad var knytt til administrative oppgåver. Styret gjorde ei kartlegging og prioritering av stadar å søkje støtte frå og resultatet av søking til ulike fond og legat førte til tilskot frå Eckbos legater på kr. 50 000, frå Norsk Landsutval i Areopagos på kr. 40 000 og ei ekstra overføring frå OVF via Oslo Bispedømmeråd på kr. 100 000. I 2011 fekk vi også støtte på kr 20 000 til den skandinaviske dialogkonferansen. Det er store utfordringar knytt til å sikre drifta for 2011.

## **Nokre utfordringar vidare:**

Mange i kyrkja har ei solid religionsteologisk kompetanse, og har eit godt teologisk utgangspunkt for å gå i gang med ulike former for dialog. Samstundes treng fleire tryggleik til å gå i gang med dialog i kyrkjelyden. Vår utfordring er å finne nøklane og verktya som kan stimulere mot og lyst til å gå i gang med slike aktivitetar. Mange stadar er ikkje dialogen starta opp. Vår utfordring er å stimulere til å sjå muligheitene og til å starte ein prosess for å kome i gang med eit dialogarbeid. Vi har hatt mykje kontakt med KN, men ser at vi må jobbe meir med å finne arenaer for utveksling, gjensidig bruk av ressursar og samarbeid ut over dialogforum. Svært mange orienterer seg på nettet. I 2010 prioriterte vi å kome i gang med dialogaktivitetar, og oppretta Facebook side for KSRD, men ser at vi bør prioritere å få laga ei enkel nettside i 2011.